



Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal-/samfunnsplanavdeling  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3562 - 14/14704

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
30.09.2014

## Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i strandsona, jf plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2, for tilbygg til bustadhus på Skarpenes

### Oversending av søknad til uttale:

Det vert vist til søknad dagsett 29.07.2014 frå Arkoconsult AS, om dispensasjon frå LNF-område i kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i strandsona, jf plan-og bygningslova §§ 1-8 og 19-2, for tilbygg til bustadhus på gbnr 41/2 Skarpenesvegen i Meland kommune.

### Planstatus:

Bustadeigedomen ligg innanfor 100 metersbeltet mot sjø og i område avsett til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

### Søknad om dispensasjon:

Det vert i skriv dagsett 29.07.2014, der det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i strandsona for tilbygg til bustadhus, sjå vedlegg.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Nabovarsling:

Naboane er varsle og det har ikkje kome merknadar.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den.

I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan-og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordland v/ Kommunal-og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune v/Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon i forbindelse med tiltak på gbnr 41/2  
Situasjonskart, bilete og teikningar  
Oversiktkart 41-2

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- /samfunnsplanavd eling	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Regionalavdelinga	5020	BERGEN